

Telenorrennet - skirenn med premiar til alle.

22.02.2018



Telenorrennet vert skipa til i dag, torsdag 22. febr. med premiar til alle som deltek.

I dag, torsdag 22 februar skipar Uskedal IL til Telenorrennet i Fjellhaugen.

Telenorrennet er eit sprint renn på 830 meter, som går i fristil.

Det heile startar med at alle går ein prolog på same lengda, og her vert det intervallstart. Prologen er som eit vanlig skirenn, og tel såleis med i skikarusellen. Deretter blir alle over 10 år delt inn i heat, og dei raskaste går vidare til ein finale, som består av utøvarar i alle aldrar. For at det heile skal verta rettferdig, vil dei raskaste som går til finalen bli ilagt ei nøyte utrekna tilleggstid.

Sprinten pleier å vera eit livleg og spennande skirenn der alt foregår på og rundt stadion, så her blir det smell, musikk, liv og røre. Telenor rennet er sponsa som det ligg i navnet av Telenor, og det vert premiar til ALLE.

Det heile startar med eit Barnerenn kl 17.30 (fine premiar her og) og hovudrennet startar kl 18.00

Påmelding til barnerennet og etterpåmelding til hovudrennet foregår i Fjellhaugen i forkant av rennet.

For meir informasjon, kan ein gå inn på idrettslaget si heimeside: <http://uskedalil.no/>

Uskedalen IL ynskjer alle hjartelleg velkomne til ein spennande kveld i Fjellhaugen.

Tekst/foto: Knut Johannes Ripel

Nett: Kristian Bringedal